



# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET | OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 4

2014

ÅRGANG 29



*Osteselskap på  
Nordfjordhytta  
4. - 5. oktober*



*Gjenopning og smalahove  
på Pustut  
25. - 26. oktober*



*Karl Seglem og Håkon Høgemo  
i konsert og  
Kringsslått spelar til dans  
på  
klubbefesten  
8. november*

## Triveleg haust i sikte

Me har ein travel og triveleg haust i sikte, både laget og ringen. Fyrste helga i **oktober, 4.–5.**, trør Dagfinn og co til med mathelg på Nordfjordhytta (ost, kjeks o.a. godt) – plar vera kjekt.

Helga etter, **11.–12. oktober** feirar Sogn og Fjordaneringen 60 år med kort oppfriskingskurs, festmiddag og rikeleg dans på Klækken Hotell på Ringerike. Det blir nok litt av ein fest! Ringen har elles allereie teke til att med leikøvningane og dansekveldane sine på tysdagane.

**Laurdag 25. oktober** gjenopnar laget Sunnfjordhytta Pustut offisielt etter tre års renovering, med smalahove på menyen og litt seremoniell på programmet. Den helga må de få med doke!

Og så står den 85. Klubbefestren for tur **laurdag 8. november**, med musikaren *Karl Seglem* og folkemusikar *Håkon Høgemo*, båe frå Årdal i Sogn, på podiet. Og til dans spelar duoen *Helene Myklemyr Bolstad* og *John Oddvar Kandal* i «Kringsslått». Det er rett og slett berre å setja av kvelden til klubb og konsert i Storsalen i Nordahl Bruns gate alt no!

For dei som vil ha ein smak av godt frå fylket før den tid, nemner me at allereie **fredag 12. og laurdag 13. september** går det årvisse «Matstreif» på Rådhusplassen av stabelen. Der stiller m.a. Meieriet i Vik med gammalosten sin og med *Jens Brekke* i brodden.

Fylg elles med på det som skjer på nettsidene våre:

<http://www.sognogfjordanelaget.no/> og

<http://www.sognogfjordaneringen.no/>

*Alv Reidar Dale*

Lagsleiar

## Topp program på *Klubbefesten* 8. november!

Set av laurdags kvelden 8. november til Klubbefesten, den 85. i rekkja, då får du oppleve spel av dei sjeldne i Storsalen i Nordahl Bruns gate!

### Karl Seglem og Håkon Høgemo

Som me røpa i lagsbladet før sommaren, har me sikra oss musikaren *Karl Seglem* (på tenorsaksofon, bukkhorn og antilopehorn) og folkemusikar *Håkon Høgemo*, båe frå Årdal i Sogn, til konsert på Klubbefesten 8. november. Det vert eit sjeldent høve til å få med seg både full klubbemiddag og ein framifrå konsert i Storsalen i Nordahl Bruns gate! Dessutan dans.

Karl Seglem er heiltidsmusikar, både i jazz, folkemusikk og andre stilartar, driv eige plateselskap og har gjeve ut fleire CDar, m.a. saman med sambygdingen Håkon Høgemo. Håkon er også heiltidsspelemann og m.a. læremeister på Musikkhøgskulen. Karl Seglem skriv òg dikt og har gitt ut eit par diktsamlingar.



### «Kringslått»

Dans blir det òg – til livs levande spel av duoen *Helene Myklemyr Bolstad* og *John Oddvar Kandal*, ho frå Jostedalen og han frå Breim. Saman kallar dei seg «Kringslått». Dei er veteranar på spelemannskrakken: John Oddvar, med sin Breimstradisjon, og Helene, inspirert av trekkspelaren og komponisten Oddvar Stegegjerdet. Dei er kjende for drivande godt dansespel, både kvar for seg og i samspel, noko me trur også utflytte sogn-og-fjordingar vil setja pris på.



Me vil elles markera at Sognalaget ville ha runda 100 år om det hadde vore eige lag framleis, men serveringa vert på god gammal nordfjordvis med klubb/raspekake/raspeball og alt godt attåt! **Alt om prisar og påmelding i neste nummer.**

## Osteselskap på Nordfjordhytta 4. - 5. oktober

Vi inviterer til hyttehelg med god mat, drikke og prat

Ta med litt ost, kjeks, frukt og høveleg drikke til festmåltid ca. kl. 19 laurdagskvelden.

Ta også med litt frukostmat til lang felles frukost søndag

Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa

## Første tysdag i kvar måned

Vi møtast på Kaffistova i Rosenkrantzgate kl. 17 til middag. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får ein rabatt.

**Lagsbladet** vert sendt ut elektronisk. Dei som ikkje har e-postadresse får framleis papiravisa. Send inn e-postadressa di til [hilmar@getmail.no](mailto:hilmar@getmail.no). Då kan du få kunngjeringar med e-post også mellom utgjevingane.

---

# Gjenopning og smalahove på Pustut

Endeleg er det tida til å gjenopne Sunnfjordhytta på Sinober, offisielt, etter tre år renovering. Me har valt oss ut helga **25.–26. oktober** og slær to fluger i ein smekk og byd på smalahove (og vossakorv for dei som ikkje vil ha hove).

Med det tek me opp att ein gammal tradisjon med smalahovehelg på hytta om lag på den tid om hausten, etter nokre år utan no.



Så fin er hytta utvendig no, men det meste og beste nye får de sjå innvendig.

Foto: A.R. Dale

Det vert også eit visst seremoniell i samband med gjenopninga, der me vil takke dei som har stått i spissen for den vellukka ombygginga og rehabiliteringa av hytta. Me håpar flest mogleg av dei som har teke eit tak, stort eller lite, har høve til å kome, like eins at mange lagsfolk tek turen og gjer ære på gjengen – og set til livs anten hove eller korv, baa frå Voss.

Det vert også kaffi og kake, jubileumskake for Pustut, som har vore lagshytte i over 50 år no.

For at me skal ha ei viss peiling på kor mange som kjem, ser me helst at de melder frå til leiaren i hyttestyret, *Agnar Hegrenes*, anten på telefon **924 96 438**, gjerne sms, eller på e-post [agnar.hegrenes@nilf.no](mailto:agnar.hegrenes@nilf.no), seinast tysdag 21. oktober. Han kan også gjere greie for reisemåte og turveg inn til hytta. Sei gjerne ifrå om du vil overnatte eller ikkje.

Heile moroa vil ha ein kostpris på 150–200 kroner pro pers, det er lite for så mykje.

*Alv Reidar Dale*

Leiar i laget

---

## Hyttene

Arbeidet på Pustut (Sunnfjordhytta) er kome så langt at det er greit å bruke hytta både til dagsbesøk og overnatting. Rett nok er det framleis arbeid å gjere, og vi vil kjøpe meir møblar, men hytta er klar for bruk. Sogn og Fjordanelaget har såleis to hytter som medlemene kan nytte. Det er fint i marka framover hausten så hyttestyret oppmodar medlemene om å bruke hyttene også utanom osteselskap og smalahovegilde som laget står for. Det kostar å drive hyttene. Overnattingsprisen har i lang tid vore kr 50 per natt. Hyttestyret har bestemt å auke prisen til kr 100 per person og natt. Dette gjeld begge hyttene. Dersom nokon vil leige ei av hyttene, gjeld det egne prisar. Vi ber om innbetaling til bankkonto **05321118447**. Dagfinn Aa er kontaktperson for Nordfjordhytta og Andor Gjelsvik for Pustut. Kontaktinformasjon står på siste sida av bladet. Dersom du vil ha meir informasjon om hyttene, kan du kontakte dei eller ein av oss andre i hyttestyret.

Agnar Hegrenes

Leiar av hyttestyret

---

## Rørosleken

I 2012 arrangerte turkomitéen i Sogn og Fjordaneringen ved Kari Myrvang, Rannveig Vinjum Nes og Svein Aasen, tur til *Rørosleken* på Røros. Turen var svært vellukka med omvisning i Røros, mellom anna i Gruvemuseet, "Middagsdans" i Sangerhuset og stor leikfest på Glomås. Hogne Telnes køyrde bussen og vi bodde på Erzcheidergården. *Rørosleken* er eit årlig stemne første helga i mai. Så stor vart interessa neste år, at Svein tok jobben som "turoperatør" både i 2013 og 2014.

I år vart leikfesten arrangert i Gymbygget i Røros; salen på Glomås vart for liten til festmiddag til 264 deltakarar frå nesten heile Sør-Norge og Nordland. Eit imponerande kakebord seinare på kvelden og Grenselaget spelte til kl. 2. Dei hadde utvida programmet til 4 dansefestar med gjennomgangsbillett på kr. 600. "Bli kjendt kveld" på fredagskvelden, "Middagsdans" i Sangerhuset kl. 12 på laurdag, "Leikfest" laurdagskvelden og "Etterpålag" i Sangerhuset kl. 11 til 14 søndag før bussen køyrde tilbake til Oslo.



Bilde teke på *Rørosleken 2014*. Frå venstre Elin Walby, Wenche Vaagland, Gunhild Nørsterud, Per Kristian Landsverk, "turoperator" Svein Aasen og Brit Marit Bjørklimark.

Vi vart ønska velkomen tilbake 1. – 3. mai 2015 til *Røroslekens 40 års jubileum*. Svein har alt førehandsbestilt til neste år, så det er plass for alle som har lyst til å bli med. Svein kjem med opplysningar på nyåret.

*Tekst og foto: Tone Eid*



## Sogn og Fjordaneringen

**Kvar tysdag er det ope for alle som vil danse med oss.**

Ope for alle som vil danse.

Frå kl. 19.00 til kl. 21.45

er Dagfinn rettleiar og Solvor spelar fele/hardingfele.

Vi har både turdans, songdans, bygdedans, gammaldans og stildans på programmet.

Kvart semester blir det sett opp eit program for [tur- og songdansar](#) som ein legg særskilt vekt på i semesteret.

Dansepengar:

kr 20,- for medlemmar, kr.50,- for ikkje-medlemmar.

I løpet av kvelden tar vi oss også tid til ein kopp kaffi eller te og noko å bite i. Dette syter medlemene for på omgang, ref. "Kaffelisten".

Dei vanlege øvingane tar til i slutten av august og held på til midt i juni, sjå [aktivitetskalendaren](#).

**Vi øver i [Storsalen](#) i Nordahl Brunsgate 22 i Oslo.**

---

## PROGRAM FOR HAUSTEN 2014

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Bruns g. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar. Sjå

<http://www.sognogfjordanelaget.no/>

<http://sognogfjordaneringen.no>

<http://sognogfjordaneringen.no/aktivitetskalender/>

Opplysingar om folkedanstilskippingar finn ein på

<http://folkedans.com/>

<http://www.bls.no/index.php?pubid=kalender&>

Kvar tysdag Kl. 18–22 Folkedansøving i Storsalen. Første gong 27/8.

Første tysdag i kvar månad møtes vi på Kaffistova i Rosenkrantzgate kl. 17 til middag. Med medlemskort i Sogn og Fjordanelaget får ein rabatt.

Helga 4-5/10 Osteselskap på Nordfjordhytta

Laurdag 11/10 Sogn og Fjordaneringen feirar 60 år

Helga 25-26/10 Gjenopning av Sunnfjordhytta Pustut

Laurdag 8/11 Klubbefest

Tysdag 10/12 Juleavslutting i Ringen

### Lagsavisa Tre Fjorlar - fristar mm.

Frist for innsending av stoff til dei neste avisene er **30/9**, **14/10** og **25/11**. Utsendinga vert om lag ei veke etterpå. Vi er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt til [agnar.kvallestad.krøllalfa@nmbu.no](mailto:agnar.kvallestad.krøllalfa@nmbu.no). Alternativt til Agnar Kvallestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Bilete er velkomne; helst digitale, men vi tek også imot papirkopiar. Spørsmål kan rettast til Agnar Kvallestad, Ragnvald Halset eller Elin Lovise Folven Gjengedal. (tlf.nr. på baksida).

# A

---

Sendar: **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---

### STYRET

**Leiar:** Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)  
a.r.e.dale@uniforum.uio.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 22 68 92 78 (p) - 92 06 72 63  
hilmar@gmail.no

### PRESSE & PR

**Leiar:** Agnar Kvallestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvallestad@nmbu.no

### HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 22 19 30 89 (p) - 22 36 72 56 (a)  
agnar.hegrenes@nilf.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:** 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
Andor Gjelsvik  
andorgj@frisurf.no

**Kontakt Nordfjordhytta:** 67 90 61 34 (p) - 21 09 48 02 (a)  
Dagfinn Aa  
daa@ssb.no

### SOGN OG FJORDANDERINGEN

**Leiar:** Anne-Lise Berggren 67 14 11 95 (p) - 67 14 73 50 (a)  
alb@geofrost.no

---